



Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Vår ref.:

18/1-68 / SAT

L.nr.: 18/6069

Dykkar ref.:

Arkiv:

K1 - 060

Dato

19.10.2018

Uttale - Nasjonal ramme for vindkraft


Syner til brev datert 8.6.2018 der de inviterer til innspel om viktige regionale interesser i høve til pågående arbeid med ei nasjonal ramme for vindkraft.

I Hyllestad kommune har ein fleire relevante områder å ta omsyn til når ein ser på planlegging av vindkraft.

UNESCO

Landets største kulturminne i kvadratmeter med steinbrota i Hyllestad som er på 10 kvadratkilometer. Kvernsteinsbrota i Hyllestad står på UNESCO si tentativ liste for verdsarv i ein felles søknad med seks andre «Viking Age Monuments and Sites» i Norden (m.a. Borrehaugane og vikingtidsgravene i Vestfold). Sjå lenke: <http://whc.unesco.org/en/tentativelists/5577/>

Bilete under syner kart med kjerneområder for kvernstein og buffersone, som kommunen nyttar i si forvaltning etter plan og bygningslova:



UNESCO Global Geopark

I 2015 vedtok UNESCO ei ny ordning som heiter UNESCO Globale Geoparkar og som er likestilt med kategorien «verdsarv». For at eit område kan kalle seg for UNESCO Global Geopark og får lov å bruke det prestisjefylte UNESCO-merket må det oppfylle mange krav: Internasjonal geologisk verd, ei berekraftig forvaltning av både natur- og kulturarv og – helt sentralt – brei forankring i lokalsamfunnet. Ein Geopark skal vere eit samfunnsprosjekt der mange aktørar er involvert, bidreg og får noko att.

Norsk Kvernsteinsenter var i 2017 prosjektleiar i eit forprosjekt som Hyllestad kommune har ansvar for og Regionrådet i HAFS finansierer. Målet var å drøfte om HAFS-regionen burde satse på etablering av ein UNESCO Global Geopark. NKS har gjennomført eit omfattande geologiprosjekt frå 2012 – 2015 som viste at geologien i regionen kvalifiserer til ein UNESCO Global Geopark.

I 2018 har alle HAFS-kommunane stilt seg positive til vidare satsing og prosjektet drivast no fram med HAFS Regionråd som leiar.


UNESCO Globale Geoparkar er likestilte med UNESCO verdsarvsteder

UNESCO innførte kategorien UNESCO Global Geopark (UGG) i 2015 og likestilte Geoparkane med verdsarvstadene. Ein UGG er eit berekraftig samfunnsutviklings- og verdiskapingsprosjekt basert på ein region sin natur- og kulturarv. UGG-statusen er berre aktuell for regionar som har ein internasjonal framifrå geologisk arv – slik ekspertane meiner at HAFS-regionen har! UGG-konseptet gir ein region eit godt grunnlag for å utvikle lokalsamfunna og nærings- og reiselivet på ein berekraftig måte.



Ved avsetting av område for vindkraft lyt ein ta omsyn til at ein må ivareta moglegheita til å oppnå UGG-status.

Dominerande friluftsliv

I kommuneplanens arealdel til Hyllestad kommune 2009-2020 ligg det store områder som er sett av til LNF-område der friluftsliv er dominerende. Desse områder er markert med raud linje rundt på kartet under:



Syner elles til områder i kommunen som er omtalt til å ha regional verdi i regional plan for vindkraft i Sogn & Fjordane fra 2011. Store deler av desse områda er i dag løfta opp til nasjonal verdi.



Oppsummert:

Utifrå nemnte over vert det vanskeleg å finne eigna områder for vindkraft i Hyllestad kommune når ein tek omsyn desse. Sjølv om vindkraft er ei fornybar energikjelde og vil kunne gje positive ringverknader i form av arbeidsplassar og eventuelt andre inntekter for kommunen kan ein ikkje sjå at det vil være nokre eigna områder i vår kommune.

Med helsing

Stig Aron Tverberg

Plan- og utviklingssjef

Telefon: 57789548

Dokumentet er godkjent elektronisk, og har difor ikkje signatur.

Kopi til:

Morten Askvik
Elin Garnes Solås

Ordførar
Sentraladministrasjonen